

Møteoffentlegheit i kommunalforvaltninga

Grunnlova § 100 femte ledd:

«Alle har rett til innsyn i dokumenta til staten og kommunane og til å følgje forhandlingane i rettsmøte og folkevalde organ. Det kan i lov setjast grenser for denne retten av omsyn til personvern og av andre tungtvegande grunnar.»

Møte i folkevalde organ

«Møte i folkevalde organ» er eit omgrep som utløyser ei rekkje rettsverknader, m.a. om:

- Opprykk (§ 16)
- Møte- og talerett for administrasjonssjefen (§ 23 nr. 3)
- Møtebok (§ 30)
- Innkalling, sakliste og kunngjering (§ 32)
- Vedtaksførheit (§ 33)
- Kjønnsbalanse (§ 36)
- Reglement om sakshandsaminga (§ 39)
- **Møteoffentlegheit (§ 31)**

Kva er eit møte i eit folkevald organ?

- Omfattande praksis frå Sivilombodsmannen og KMD.
- «Møte»: Må vere bestemt på førehand at medlemene i organet skal samlast for å forhandle, drøfte, vedta eller på annan måte handsame saker og spørsmål som organet har som oppgåve å handsame.
 - Må vere ein del av den politiske avgjerdsprosessen.
 - Opplæring fell utanfor.
 - Kva med politikardagar? Orientering om spørsmål dei folkevalde seinare skal ta stilling til? Høve til å påverke den vidare prosessen eller berre «einvegskommunikasjon»?

Kva er eit møte i eit folkevald organ?

- «Folkevald organ»: Ikkje krav om eit formelt folkevald organ.
 - Gruppeleiarane
 - Folkevalde saman med tilsette og/eller privatpersonar/organisasjonar
 - «Felles gruppemøte»
 - Partivise gruppemøte fell utanfor
- **Konklusjon**: Totalvurdering, føremålet med samankomsten er avgjerande

Kva er eit møte i eit folkevald organ?

- Kva meiner KMD?
 - Kommune- og regionreform: Uttalane 16/1491 og 16/1492: Møte mellom forhandlingsutval i ulike kommunar er møte i folkevalde organ. Det same gjeld særmøte i den einskilde forhandlingsdelegasjon.
- Kva meiner Sivilombodsmannen?
 - Det same (SOM-2016-1147- møte mellom forhandlingsutvala i Rennebu og Oppdal)
- Konklusjon: Vi rettar oss etter KMD og Sivilombodsmannen.
- **Men merk** at oppnemningsorganet, eller fylkestinget, kan bestemme at sakshandsamingsreglane, m.a. reglane om møteoffentlegheit, ikkje skal gjelde (§ 29 nr. 3).

Møteoffentlegheit - § 31

- Einkvar har rett til å vere til stades i møte i folkevalde organ
 - Også inhabile folkevalde
- Fire unntak: To «skal»-unntak og to «kan»-unntak.
- Ingen automatikk i at nokon av unntaka kjem til nytte sjølv om dei underliggande saksdokumenta er skjerma frå innsyn etter offentleglova. Og tilsvarande; sjølv om saksdokumenta er offentlege, kan det hende at møtet må/bør lukkast.
- Prosedyreregel i § 31 a:
 - Ein ev. debatt om lukking haldast for lukka dører viss møteleiaren eller organet krev det.
 - Avrøystinga skjer for opne dører
- Lukking krev vedtak

Unntak frå møteoffentlegheit, teieplikt

- Når det føreligg **lovbestemd teieplikt** - § 31, nr. 2
 - Opplysningar som er underlagde teieplikt, kan ikkje drøftast, eller orienterast om, i opne møte. Organet har plikt til å lukke dørene. Straffelova §§ 209 og 210. Erstatningsansvar.
 - Men korleis kan møteleiaren vite kva organet vil drøfte? Ta utgangspunkt i saksdokumenta.
 - Viss mogleg, bør handsaminga av saka berre *delvis* gå for lukka dører.
 - Viss den/dei teieplikta skal verne «opphever» teieplikta, kan ikkje møtet lukkast på dette grunnlaget.

Unntak frå møteoffentlegheit, personalsaker og personvern

- Sak som gjeld ein arbeidstakar sine tenestlege forhold - § 31, nr. 3 – plikt til å lukke
 - T.d. sak om tilsetjing, lønsvilkår, oppseiing eller permisjon
 - Kva viss den aktuelle arbeidstakaren ber om opne dører?
Neppe avgjerande.
- Når omsynet til personvern krev det - § 31, nr. 4 – rett til å lukke
 - Opplysningar som grensar opp mot teieplikt, t.d. debatt om enkeltpersonar sine personlege eigenskapar og bakgrunn.

Unntak frå møteoffentlegheit – tungtvegande offentlege interesser

- Når omsynet til tungtvegande offentlege interesser tilseier det ... og det vil kome fram opplysningar i møtet som kunne vore skjerma frå innsyn etter offentleglova dersom dei hadde stått i eit dokument - § 31, nr. 5 – rett til å lukke
 - Ta utgangspunkt i dei underliggjande saksdokumenta.
 - Høg terskel
 - Typisk forretningsmessige forhold, t.d. eigarsaker og forhandlingar (offentleglova § 23)
 - Part i sivile søksmål (offentleglova § 18)

Kven har rett til å vere til stades når møtet er lukka?

- Fylkesordførar (§ 9 nr. 4) eller annan fylkestingsmedlem på vedkomande sine vegner.
- Fylkesrådmannen eller underordna (§ 23 nr. 3)
- Kontrollutvalet, inkl. sekretariatet
- Revisor
- Andre kan få løyve av organet til å vere til stades
 - Tilsette. Viss møtet er lukka pga. teieplikt; berre dei som skal spele ei rolle i sakshandsaminga eller oppfølginga av vedtaket
 - Kva med ein inhabil folkevald i det aktuelle organet?
 - Varamedlemer til organet – viss behov
 - Ikkje utanforståande, som t.d. ein part